



Notat

Dato: 20.08.2015
Arkivsak: 2015/66-18
Saksbehandlar: eirkniv

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Rådmannen

Tildeling frå Miljødirektoratet til statleg sikring av friluftsområde (post 30) i Hordaland 2015

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og prioritere søknadar om statleg sikring av friluftsområde. Søknadane vert endeleg avgjort i Miljødirektoratet.

I statsbudsjettet for 2015 under kap.1420 post 30, Statlige tileigningar, bandlegging av friluftsområde var det sett av kr. 23.8 mill. Miljødirektoratet si tilsegnspotensial var på kr. 55 mill.

Ved vurderinga av søknadane er det lagt vekt på følgjande faktorar:

- Områder som kjem store befolkningsgrupper til gode. Nærrområder og turvegar i byar og tettstader og landfaste areal ved sjøen som kan nåast utan bruk av bil eller båt har høgast prioritet.
- Områder der allmennhetia ikkje har ferdssels- og/eller opphaldsrett gjennom allemannsretten og friluftslova – til dømes fordi areala vert definert som innmark.
- Områder som vil bli intensivt brukt, og som treng tilrettelegging for å kunne brukas til friluftslivsføremål.
- Områder som er handsama og prioritert i regional og/eller kommunal planprosess etter plan- og bygningslova sine føresegner.
- Områder der det er sannsynleggjort rask gjennomføring av sikringsprosessen (saker som truleg blir gjennomført innan eit-to år).

Innan fristen 15. januar 2015 kom det inn fire godkjente søknadar i Hordaland. Kultur- og ressursutvalet vedtok 19.03.2015 prioriteringa av dei 4 søknadane. Tre av desse fekk tilsegn på totalt kr. 268.090.

Søknaden om Plassaholmen har ikkje fått tilsegn frå Miljødirektoratet grunna det gjenstår ein del avklaringar om vegrett knytt til ein privat veg. Miljødirektoratet har uttalt at dei stiller seg positive til tilsegn så fort bruksretten til vegen er avklart.

Søknader om statleg sikring av friluftslivsområder som har fått tilsegn pr.19.08.2015 av Miljødirektoratet

Område	Kommune	Søknadssum	Tilsegn
Løvstien (gnr.18, bnr. 353)	Bergen	34.090	34.090
Lyreneset (gnr. 149, bnr. 18)	Bergen	176.530	176.530
Valøya (185, bnr. 2)	Kvinnherad	60.000	58.000
Plassaholmen (75, bnr. 1)	Bømlo	100.000	

Etter søknadsfristen kom det inn ytterlegare to søknadar på sikring av friluftsområder.
 Begge søknadane fylte vilkåra for statleg sikring, og fekk totalt tilsegn på kr.2.456.000 frå Miljødirektoratet.
 Søknadane påverka ikkje vurderinga til Miljødirektoratet av dei fire søknadane som kom innan
 søknadsfristen.

Søknadar om statleg sikring av friluftsområder for 2015 mottatt etter søknadsfrist som har fått tilsegn
 pr.19.08.2015

Område	Kommune	Søknadssum	Tilsegn
Stanghelle (gnr.478, bnr. 20)	Vaksdal	502.000	256.000
Langøy (gnr.19, bnr. 1)	Fitjar	2.586.256	2.200.000

Det er relativt få søknadar til denne ordninga i 2015 truleg grunna at Miljødirektoratet opna for fortløpende sakshandsaming av sikringssøknadar til friluftsområder i 2014. Hordaland fekk god utteljing med total tildeling på kr. 5.460.970 fordelt på 16 friluftsområder i 6 kommunar i 2014.

Det er kome ein ekstra søknad den 20.07.2015 frå Bergen og Omland Friluftsråd om statleg sikring av friluftsområdet Kobbavågen i Os kommune på kr 340.000. Hordaland fylkeskommune vil gjere ein vurdering av søknaden i løpet av august og vidaresende søknaden til Miljødirektoratet.

Samla tilsegnssum til statleg sikring av friluftsområder pr.19. august 2015 i Hordaland er på kr. 2.724.620.